

## Saksgang

| Utv                   | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|-----------------------|-------------|------------|
| Vestland ungdomsutval |             | 27.08.2021 |

## Møteplan 2022 - Vestland ungdomsutval

### Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik det ligg føre

### Samandrag

Vestland ungdomsutval skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin egen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2021 vert endeleg fastsett. Fylkestinget har vedtatt at det skal bli lagt fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29. september.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Arild Knapskog  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Møteplan for folkevalde organ i 2022
- 2 Møteplan for folkevalde organ 2022 - tillegg til politisk sak
- 3 Tilleggsnotat 2 til sak om møteplan for folkevalde organ i 2022

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval er forankra i kommunelova §5-12, der det følgjer at «[k]ommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom», jf. første ledd. Vidare følgjer det av bestemminga sitt fjerde ledd at «[r]ådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.»

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinere møteplan med andre utval i fylkeskommunen, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2022.

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana at Vestland ungdomsutval skal ha minst seks møte kvart år, og elles etter behov. Vestland ungdomsutval vedtek sin eigen møteplan.

Når møteplanen for 2022 skal fastsettast, er møtedatoane i fylkesting, fylkesutvalet og hovudutvala eit relevante utgangspunkt. Det vil vere viktig å planleggje møteplan for Vestland ungdomsutval på ein slik måte at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen «hovudutval-fylkesutval-fylkesting», slik at ein eventuell uttale blir klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjere endeleg vedtak. Hovudutvala og fylkesutvalet har lagt opp til ein lik fordeling av digitale og fysiske møter.

### Feriar og bevegelege heilagdagar i 2022

For skuleruta 2021/22 er det lagt inn vinterferie i 2022 ulikt for skulane i Vestland fylke. Oversikten under viser feriar og bevegelege heilagdagar i 2022, som møteplanen må ta omsyn til.

|                       |  |
|-----------------------|--|
| Vinterferie           | Inntaksområde Sogn og Fjordane: 21-25.februar<br>Inntaksområde Hordaland: 28.februar-04.mars |
| Påske                 | 14.april (skjærtorsdag)-18.april (2.påskedag)  |
| Kristi himmelfartsdag | 26.mai   |
| Pinse                 | 06.juni (2.pinsedag)   |
| Haustferie            | Skulerute 2022/2023 ikkje fastsett   |

### Forslag til møteplan 2022

| møte                  |               |      |       |       |       |      |                |     |       |        |     |     |
|-----------------------|---------------|------|-------|-------|-------|------|----------------|-----|-------|--------|-----|-----|
|                       | D er digitalt |      |       |       |       |      | H er helgemøte |     |       |        |     |     |
|                       | Jan           | Feb  | Mars  | April | Mai   | Juni | Juli           | Aug | Sept  | Okt    | Nov | Des |
| Vestland ungdomsutval |               | 7(D) | 8     |       | 6 (H) | 10   |                |     | 2 (H) | 20 (D) | 25  |     |
| Fylkesting for ungdom |               |      | 25-27 |       |       |      |                |     |       |        |     |     |

### Vedtakskompetanse

#### Vestland ungdomsutval fastset sjølv sin eigen møteplan

##### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** møter i utvalet vert dekka innanfor eige budsjett

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** ikkje relevant

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval vert beden om å fastsetje dato for rådsmøta i 2022.